

Det kongelige miljøverndepartementet

Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref:

02/00282-2

Sakshandsamar:

Rein Midteng

Arkivkode:

040 &13

Dato:

10.04.2002

Høyring - Forslag om endringar i plan- og bygningslova, tidsfristar i planbehandlingen-fråsegn

Forslaget gjeld å innføre tidsfristar for kommunenes handsaming av reguleringsforslag og berørte myndigheites adgang til å fremme motsegn til regulerings- og bebyggelsesplaner. Hensikten er å oppnå økonomiske og samfunnsmessige besparelser, uten at det skal gå på bekostning av kvaliteten og grundigheten i prosessen..

1. Fristar for behandling av reguleringsforslag:

Private forslag om regulering:

Departementet foreslår en frist på 12 veker frå forslag kjem inn til det handsamast av det faste utval for plansaker. Om ikkje fristen blir halde, blir det foreslått at forslagsstiller skal få økonomisk kompensasjon, for eksempel ved å sleppe å betale saksbehandlingsgebyret.

Kommentar:

Austrheim kommune har ingen merknad til at ein slik frist, under føresetnad av at fristen gjeld frå det tidspunkt kommunen har motteke planframlegg som er ferdig utarbeida i samsvar med gjeldande retningslinjer for utarbeiding av reguleringsplanar.

Fristen kan ikkje gjelde for planframlegg som er ufullstendige, eller må supplerast med fleire opplysningar før det kan takast opp til handsaming.

Ei negativ følgje med tidsfristar, er at plansaker ofte reiser problemstillingar som krev omfattande utreiingar. Tidsfristar kan da fort gå på bekostning av det nødvendige vurderingsgrunnlaget. Spesielt dei miljøfaglege elementa er utsett i ein slik samanheng.

Rapporteringsordning for reguleringssaker som tar lang tid:

Det foreslås at det innføres en plikt for kommuneadministrasjonen til å underrette planutvalet dersom det har gått meir enn 24 veker sidan det ble vedteke å legge saka ut til offentlig ettersyn. I praksis betyr dette at kommuneadministrasjonen må rapportere til planutvalet når tidsintervallet mellom førstegangsbehandling og andregangsbehandling er lenger enn 24 veker.

Kommentarer:

Ein rapporteringsordning til det faste utval for plansaker er etter vårt syn uproblematisk.

Austrheim Kommune meiner at det er viktig at det ikkje vert innført fristar i denne perioden. I denne perioden er det ofte andre eksterne instansar som påverkar kommunen si behandlingstid. Slike vil ofte ikkje overhalde tidsfristar. Det er difor viktig at ikkje kommunen blir straffa for deires langdryge.

Frist for kommunestyrebehandling av reguleringsforslag:

Etter at planutvalet har sluttført behandlinga av reguleringsforslaget, foreslår departementet at kommunen får en ny frist på 12 veker til å behandla ferdig saka i kommunestyret. Fristen betyr at møtefrekvens i kommunestyret, mekling ved innsigelse og avtaleinngåelse for utbyggingsavtaler må koordinerast.

Kommetarer:

Austrheim Kommune har ikkje problemer med å akseptere dette. Her hjå oss, er det Nærings-og miljøkomiteen som normalt sett behandlar ferdig reguleringsforslag. Når kommunestyret er beslutningsmyndigheit, bør det ikkje vere problem å koordinere møtebehandlinga mellom næringskomiteen og kommunestyret.

2. Frist for innsigelse til reguleringsplan og bebyggelsesplan

Fylkeskommunen, nabokommunene eller statleg fagmyndigheit hvis saksområde blir berørt, kan fremme innsigelse til reguleringsplanar (§ 27-2 nr. 2) og bebyggelsesplanar (§ 28-2 fjerde ledd siste punktum). Innsigelse innebær at kommunen mister myndigheiten til å vedta planforslaget sjølve og at Miljøverndepartementet treffer vedtak.

I dag må innsigelse fremmes før planforslaget vedtas av kommunen.

Samtidig sier loven at fylkeskommunen og dei statlige fagorganer som har særlege interesser i området skal fremme sine synspunkter innan ei rimelig frist etter at planforslaget er lagt fram for dem samtidig som det legges ut til offentlig ettersyn (§ 27-1 nr. 2 andre ledd).

Departementet foreslår at innsigelse skal fremjast innan denne fristen.

Nabokommuner gis en tilsvarende frist.

Endringa får også betydning for innsigelse til bebyggelsesplan, jf. henvisninga i § 28-2 fjerde ledd til § 27-1 nr. 2.

I praksis betyr endringen at innsigelse må fremmes tidligere i planprosessen. Derved blir planprosessen raskere, ryddigere og enklere å håndtere.

Kommentarer

Austrheim kommune har ikkje problemar med å gå inn for dette.

Med helsing

Arne Aven
Tekn sjef

Rein Midteng
konsulent